

# CK ( kreatinkinase ) i serum

## Bakgrunn

CK er eit enzym som katalyserer reaksjonen: kreatininfosfat + ADP = kreatin + ATP.

CK finn ein i skjelettmuskulatur, myokard og hjerne. I skjelettmuskulaturen er CK den viktigaste energireserven.

## Indikasjonar

Utredning og kontroll av muskelsjukdommar og muskelskadar.

## Prøvemateriale



0,5 mL serum teke på rør tilsett gel eller rør utan tilsetjing.

Haldbarheit serum: 4 døgn.

## Referanseområde

<b>Kvinner:</b>	35-210 U/L
<b>Menn:</b>	18-49 år: 50-400 U/L
	> 49 år: 40-280 U/L

## Tolkingar

Det er kun høge verdiar som har klinisk betyding.

Auka verdiar ved hjerteinfarkt (normalisering av verdiane etter to døgn) og myokarditt.

s-CK aukar også ved skjelettmuskelaffectjonar (traume, injeksjonar, hjertemassasje, kirurgi, fysisk overbelastning), myopatiar (polymyocitt, dermatomysitt, alkoholisk-) og muskulære dystrofiar (t.d. Duchenne).

Normalverdien er korrelert til muskelmassen. Muskelarbeid kan føre til betydeleg stigning i s-CK. Sjølv moderat arbeid aukar aktiviteten med 50%. Hos gravide vil s-CK stige med omkring 20 % over utgangsverdi.

**Feilkjelde:** Unngå sterk fysisk aktivitet dei tre siste døgn før prøvetaking dersom mogleg. Bruk minimal stase.

**Biologisk variasjon:** Intraindividuell biologisk variasjon: 22,8 %